

# VEDTEKTER FOR VIK TURLAG

Skipa 2001

Vedteke i 2001

Revidert på årsmøtet 16.11.2016 (§ 1-7)

## §1 Føremål

Vik Turlag skal fremja eit aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv, blant anna med turar i nærområdet. Vik Turlag eig og driv Målsethytta og arbeider for at denne skal vera eit samlingspunkt for naturinteresserte. Vik Turlag kan inngå leigeavtale av andre hytter for å gjera naturen i nærmiljøet lettare tilgjengeleg for medlemmene.

## §2 Medlemskontigent

Medlemskontigenten vert fastsett av DNT.

Medlemmene og andre har rett til å nytta hyttene etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar og fastsette reglar.

## §3 Styret

Vik Turlag skal ha eit styre på 5 medlemmer med 2 varamedlemmer som alle skal veljast på årsmøtet.

Styremedlemmene vert valde for 2 år om gongen, men slik at høvesvis 3 og 2 er på val skiftevis annankvart år. Varamedlemmene skal også veljast for to år om gongen, slik at eit varamedlem er på val kvart år. Årsmøtet vel kvart år leiar.

Finn ein det føremålstenleg kan ein oppretta eit hyttestyre for kvar hytte laget disponerer. Hyttestyret skal veljast på årsmøtet og skal bestå av minst 3 personar. Årsmøtet vel kvart år leiar. Hyttestyremedlemmar veljast for to år om gongen.

Ein kan også opprette undergrupper, slik som Barnas Turlag, DNT-UNG og DNT Senior, som kan danne sine eigne styre. Leiar veljast for 2 år på årsmøtet. Leiarane har møterett på møta til hovudstyret.

Det skal først møtebok. Leiaren saman med eitt styremedlem har fullmakt til å skriva under på vegne av Vik Turlag. Bruken av slik fullmakt er avgrensa til saker som låneopptak, kontraktar, tinglysing og liknande som vert sett i gang med bakgrunn i konkret årsmøtevedtak.

## § 4 Styret sine oppgåver

Styret

- skal leia arbeidet i laget i tråd med føremål, arbeidsoppgåver, arbeidsplan og budsjett.
- skal konstituera seg etter årsmøtet, velja nestleiar, skrivar og kasserar for 1 år av gongen.
- kan i løpet av året ha møte med undergrupper som Barnas Turlag, hyttestyre eller andre aktuelle grupper.
- kan oppretta nemnder for løysing av konkrete oppgåver.
- skal driva utleige av dei hyttene Vik Turlag eig eller har leigeavtale med.
- skal velja utsendingar frå Vik Turlag til årsmøte og fellesmøte i Sogn og Fjordane Turlag.

Leiaren kallar saman styret, eller møte skal haldast når 3 eller fleire i styret krev det. Styret er vedtaksfør når minst 3 møter, men gyldige vedtak treng 3 stemmer. Dersom 4 styremedlemmer møter, skal leiaren si stemme telja dobbelt ved stemmelikhet.

Styret melder frå til valnemnda straks dato for årsmøte er fastsett.

## **§5 Årsmøte**

Det skal haldast årsmøte kvart år innan utgangen av november månad. Årsmøte skal kunngjera med minst 14 dagars varsel. Saker som medlemmene vil ta opp på årsmøtet må vera styret i hende innan ei veke før årsmøtet.

Rekneskapsåret skal avsluttast pr 31/10.

Årsmøtet skal:

- godkjenne innkalling og sakliste
- velje ordstyrar og skrivar
- velje to til å skriva under årsmøteprotokollen
- godkjenne årsmelding
- godkjenne rekneskap og budsjett
- handsama innkomne saker
- val
  - styret og evt. hyttestyre eller leiarar for undergrupper, sjå § 3
  - revisor med vararepresentant for 1 år.
  - valnemnd på 3 medlemmer. Veljast for 3 år, men rullerast slik at nemnda til ei kvar tid har medlemer med attverande funksjonstid på 1, 2 og 3 år. Den som sit i sitt 3. år er ansvarleg for å kalla nemnda saman.

Røysterett har alle medlemmer som har betalt kontingen for inneverande år. Årsmøtet gjer vedtak med simpelt fleirtal der kvart medlem har ei røyst kvar. Står røystetalet likt, skal saka avgjera ved lutdraging. Det er berre årsmøtet som kan endra vedtekten, og det er krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

Dei same reglane som gjeld for ordinært årsmøte, vert også gjeldande for ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte skal berre handsama den saka/sakene som er grunnlag for møtet og som er nemnt i innkallinga.

## **§6 Heidersmedlemsskap**

Heidersmedlemsskap i Vik Turlag kan tildelast personar som har gjort eit særleg stort og omfattande arbeid for laget. Styret vert tillagt retten til å gje slik heidersmedlemsskap i tråd med gjeldande statutar. Vedtak skal vera gjort samrøystes av eit fulltallig styre.

## **§7 Oppløysing av laget**

Det er berre eit årsmøte som kan ta stilling til oppløysing. For å løysa opp laget skal det veljast eit eige avviklingsstyre på 3 medlemmer med 3 varafolk. Eit vedtak om oppløysing må ha 2/3 fleirtal. Dersom det ikkje vert oppnådd 2/3 fleirtal for oppløysing, kan ekstraordinært årsmøte avgjera saka med simpelt fleirtal.

Dersom det skulle vera eige att etter ei oppløysing, vil det vera årsmøtet som avgjer korleis denne skal nyttast.